



## Retningslinjer for Kinn kommune om samarbeid for brukarar med behov for samordning, samhandling, koordinator, barnekoordinator og eventuelt individuell plan.

### 1. Retningslinene gjeld for

Retningslinene gjeld for samarbeid for brukarar med behov for samordning, samhandling, koordinator, barnekoordinator og eventuelt individuell plan. Dei er fastsett av kommunedirektøren og gjeld for følgjande tenesteleiarar:

- a. barnevern
- b. helsestasjon
- c. PPT
- d. alle kommunale skular
- e. alle kommunale barnehagar
- f. alle kommunale heimetenester
- g. alle kommunale institusjonar
- h. psykisk helse og rus
- i. Helse
- j. Nav
- k. Kurs KF

Arbeidsmetodikk vert etter strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam og betre tverrfagleg innsats.

### 2. Bakgrunn

Kommunen skal sikre systematisk og god praksis for tverrfagleg utgreiing av behov for tenester.

Om ein innbyggjar har behov for tenester på fleire områder, har kommunen ansvar for at desse er samordna, koordinerte, samanhengande og tverrfaglege. Kommunen har ansvar og plikt til å tilby koordinator til personar med store og samansette behov uansett alder eller diagnose. Kommunen har plikt til å tilby barnekoordinator der alvorlighetskravet etter lovgivinga er oppfylt – og ei heilskapleg kartlegging og vurdering av heile familien sitt behov for koordinering er vurdert.

Kommunen har og plikt til å sørge for eit samordna tenestetilbod sjølv om det ikkje føreligg rettskrav på koordinator etter helse- og omsorgslovgjevinga – om behovet for samarbeid mellom velferdstenester er tilstades.

Kommuneleiinga har det heilskaplege ansvaret til å samordne innsatsen til dei kommunale tenestene overfor barn og unge.

Kommunen har plikt til å ha ei Koordinerande eining. Koordinerande eining i Kinn kommune er ei tverrfagleg samansett faggruppe som skal sikre brukarane sine rettar til koordinator, barnekoordinator og individuell plan. Den er ei forvaltningseining for søknader om koordinator, barnekoordinator og individuell plan, og har kommunedirektør si mynde til å avgjere kva teneste som skal avgje koordinator. Koordinerande eining har og opplæringsansvar og systemansvar. Koordinerande eining skal implementere metodikken strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam i alle tenester.



Desse retningslinene gjeld forpliktingar om samarbeid og koordinering på tvers av tenester til brukarar som treng hjelp av fleire. Tenesteleiarane har ansvar for at retningslinene vert kjend hos dei tilsette, og at den vert følgd.

### 3. Føremål, verkemåte og definisjonar

#### 3.1. Føremål.

Føremålet er å sikre målgruppa (sjå punkt 4) eit heilskapleg, koordinert og fagleg forsvarleg tenestetilbod, herunder brukarmedverknad. Vi skal sikre tilgang til koordinatorar, og er ei forplikting til samarbeid til beste for brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester. Føremålet er og å styrke oppfølging av utsette barn og unge og deira familiar gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.

#### 3.2. Virkemåte

Retningslinene gjeld for alle tilsette i tenestene (sjå punkt 1). Dei gjeld også for Koordinerande eining sine plikter til å sikre brukarar sine rettar til koordinerte tenester. Retningslinene konkretiserer at det er tenesteleiaren si oppgåve å avgje koordinatorar, og å sikre arbeidstid til koordinatorar.

#### 3.3. Definisjonar

- **Strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam:**  
Personar med store og samansette behov med hjelp frå to eller fleire tenester har rett til å få tenestene sine koordinerte. Mange av desse har behov for oppfølging av eit oppfølgingsteam. Oppfølgingsteamet vert leia av ein koordinator. Gjennom oppfølgingsteam som ei integrert arbeidsform i alle tenester er målet at alle pasientar/brukarar i målgruppa uansett alder, diagnose og funksjon skal få oppfølging tilpassa den enkelte. Samansetnaden i oppfølgingsteamet er dynamisk utifrå brukaren sine behov. Fastlegen har ei medisinskfagleg koordineringsrolle. Rammer for strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam føl lovkrav om individuell plan og koordinator. Omgrepet oppfølgingsteam erstattar i denne kontekst omgrepet ansvarsgruppe.
- **Koordinator:**  
Koordinator-omgrepet vert nytta i ulike samanhengar. I denne samanheng omhandlar koordinatorrolla det arbeidet som ein av tenesteytarane rundt brukar skal gjere i høve koordinering og samordning av brukar sitt tilbod. Konkret betyr dette å ha ansvar for å kalle inn oppfølgingsteamet etter en avtalt struktur, og sørge for at det vert skrevet møtereferat/plan for oppfølging der ein ansvars plasserer kven som gjer kva og når. Det er ikkje formelle kompetansekrav til koordinator, rolla er såleis profesjonsnøytral. Koordinator får opplæring i rolla.
- **Barnekoordinator:**
- Barnekoordinator er ei spesialregulering av koordineringsplikta og gjeld ovanfor familiar som har, eller ventar born med alvorlege funksjonsnedsettingar eller helseutfordringar. Retten til barnekoordinator skal sikre samanhengande og koordinerte tenester til barna, og bistå og avlaste familien. Vilkåra for å tildele barnekoordinator er; alvorlig skade, sjukdom eller funksjonsnedsetting og krav om langvarig behov for koordinert oppfølging. Barnekoordinator vert tildelt familien og familiens samla omsorgsoppgåver, sosioøkonomiske situasjon og familiesituasjon for øvrig vil være relevante moment i



vurdering. Barnekoordinator skal ikkje overta oppgåver som ligg til tenestene, men sørge for naudsynt koordinering av det samla tenestetilbodet, ha oversikt over tilboda, sørge for at familien får naudsynt informasjon og rettleiing, og sørge for framdrift i arbeidet med individuell plan.

- **Individuell plan:**  
Individuell plan er ei skjematisk oversikt over hjelpebehov og hjelpetiltak for kortsiktige og langsiktige mål for brukaren. Kinn kommune nyttar elektronisk Individuell Plan og kommunikasjonsverktøy; Flyt Samspill. Om brukar ønskjer verktøyet skal tilsette nytte det til samhandling og eventuelt planverktøy.

#### 4. Målgrupper for retningslinene.

Retningslinene handlar i stor grad om å avgje koordinator og delta i samarbeid for brukarar som har rett til individuell plan, koordinator, barnekoordinator og oppfølgingsteam. Brukargrupper (alle aldrar) som har behov for oppfølgingsteam kan være: (døme)

- Personar med definert fysisk eller psykisk helseutfordring – spesifikke diagnosar.
- Personar med vedvarande utfordringar knytt til nedsett evne til læring.
- Samansette symptom knytt til generell nedsett helsetilstand og kronisk smerte.
- Nedsett syn og hørsel.
- Rusmisbruk.
- Familiar som har eller venter barn med alvorlege funksjonsnedsettingar eller helseutfordringar.

Retningslinene slår fast plikta til å avgje koordinator og delta i samarbeid for brukarar som har behov for strukturert tverrfagleg oppfølging over ei tid, men som ikkje treng individuell plan etter helselovgivinga. Mål må være at desse brukarane ikkje vert kasteballar i systemet: (døme)

- Barn og unge som mottar tenester frå fleire instansar. Nokre barn og familiane deira kan ha behov som gjer det naudsynt å være i kontakt med fleire fagpersonar i ulike tenester og sektorar. Årsaker kan være utfordrande adferd, vanskar med sosial fungering, skulefråvær, læreveskar, psykisk eller fysisk helse, familiesituasjon eller anna. Det er ofte fleire, uklare og komplekse årsaker (wicked problems)
- Behov for «eit lag rundt eleven» som mellom anna inkluderer; lærarar, spesialpedagogiske ressursar, pp-teneste, helsestasjons- skulehelseteneste, barnevern, kultur og fritidstilbod, fastlege og spesialisthelseteneste.

#### 5. Overordna om samarbeid og arbeidsdeling

Oppfølging av personar med omfattande behov for tenester krev brei tilnærming på tvers av einingar innad i helse- og velferdstenesta, og mellom ulike sektorar. Auka grad av tverrfagleg samarbeid gjennom team beståande av personell som personen treng, vil gje meir fagleg interaksjon på tvers av fagområde og sektorar i kommunen, og vil i seg sjølv bidra til viktig kompetanseutvikling. Leiingar skal tilrettelegge for, og understøtte bruk av kompetanse på tvers av tenestemråde og sektorar. For kommunen som heilskap kan dette og vere god ressursforvaltning.



Kinn kommune

## 6. Plikt til gjennomføring og forankring

Koordinerende eining har kommunedirektør si mynde til å peike ut kommunal teneste som skal avgje koordinator, kva teneste som skal ha hovudansvaret for å samordne tenestetilbodet. Oppnemning av koordinator skal skje etter kontakt med tenesteleiar for den aktuelle eininga etter ei vurdering av kompetanse, relevans og føreseielegheit. Brukarmedverknad vert lagt til grunn.

Koordinerende eining skal sørge for rettleiing og opplæring til koordinatorar med deltaking på tvers av fag, nivå og sektorar. Dette inkluderer felles kompetansetiltak og rettleiing på tvers av einingar, felles rutinar for tverrfagleg samarbeid og møteplassar for å utvikle felles kultur for samarbeid.

Leiarane i tenestene i Kinn kommune forpliktar seg til å avgje koordinator, og til å tilrettelegge tid til koordinatorrolla. Alle tilsette i skule, barnehage, helsestasjon, skulehelsetenesta, ppt, alle omsorgstenestene, psykisk helseteneste, fysio- og ergoterapi, nav, Kurs KF og barnevernstenesta er aktuelle koordinatorar.

Alle tilsette som vert deltakarar i oppfølgingsteam er forplikta til å nytte Flyt Samspill som verktøy for samarbeid og individuell plan, om brukar eller pårørende ønskjer å nytte dette verktøyet.

## 7. Handtering av usemje

Kommunedirektør avgjer i saker ved usemje om tildelt koordinatoransvar.

Desse retningslinene trer i kraft frå 21. januar 2020. Revidert 08.08.2022 og gjeldande etter revidering.

Øyvind Bang-Olsen  
Kommunedirektør.